

## Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag 2015.

**Styret** har i 2015 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Kjell Klopstad – sekretær

Arne Dvergsdal – styremedlem

Gudmund Eimhjellen - styremedlem

**Rekneskapet** er ført av Karen Marie Elvik Svoen

**Revisorar:**

Olav Svoen og Kjetil Fimland .

**Valnemnd:**

Inge Svorstøl og Geir Lunde. Vara: Andreas Sørebo

**Styremøter**

Styret har hatt 2 møter og behandla 18 saker. I tillegg har der vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. All aktivitet har etter kvart vore dokumentert på nettsida vår.

**Arrangement/ Prosjekt** som laget har vore inne i siste året:

- **Årsmøte** Arrangering av årsmøte 27.02.15 - Instedalen skule. 13 medlemmer møtte. Årsmøtet blei nok ein gong arrangert i samarbeid med Instedalen Storvald som hadde sitt årsmøte rett i etterkant.
- **Fiskekortslag og båtutleige.** Det blei for sesongen 2015 vidareført sjølvbetjening av fiskekort for ØNU sitt område. Boksar med fiskekort på Fimlandsbua, i Nesstranda ved vegen mot Teigavatnet, på Nestunet og ved Vonavatnet. I tillegg var det lagt ut kort på Longevasshytta. I sesongen blei det også vidareført utleige av båt både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Garn kunne hentast på Nes, men mot slutten av sesongen blei garna hengt ut ved Svobrua friluftsområde slik at dei skulle vere lettare tilgjengelege. Til tross for sein vår har der vore rimeleg god aktivitet. Svobrua friluftsområde, utleigebåtane og tilboda elles bl.a. ved Vonavatnet har vore regelmessig i bruk. Alle avgifter blei betalt direkte til bank og det skulle leggast kvitteringslapper att i boksane. Sjølvbetjeninga også for sesongen 2014 har fungert bra men inntektene av salget har gått noko ned. I det store og heile har dei som har forsynt seg med fiskekort betalt på nettbank i etterkant – for detaljer sjå rekneskapet.
- **Stiprosjekt.** ØNU fekk midlar frå LV området (midlar frå bestillingsdialogen) for å kunne etablere ein kloppesti frå parkeringsplassen ved Vonavatnet til inste vatnet der den blei knytt saman med kloppestien som LV området etablerte for 3 år tilbake. Arbeidet blei utført i august/september -delvis på dugnad men også med noko innleigd hjelp. LV styret stilte med plank. Laget gikk med noko overskot på dette prosjektet. Etter dei fleste sitt syn blei stiprosjektet vellukka. ØNU styret er i dialog med LV styret om plank og midlar via bestillingsdialogen for å forlengje stien innover mot Nesstølen i områder der det er ulendt og

myrlent. Det er også søkt om midlar frå bestillingsdialogen om plank for å legge ein kort kloppesti over dei mest myrlendte områda ved Svostølsvatnet der ØNU har reetablert den gamle ferdselsstien som går mot Mariesteinen/Gjengdalskaret.

- **Vidareføring av betalingsparkering ved parkeringsplassen ved Vonavatnet.** Ordning som ved fiskekort og båtlege med innbetaling over nettbank. Priser: kr. 20,- pr døgn, kr 100 pr. veke, kr 200,- pr. år. Parkerande har stort sett vore lojale mot ordninga og betalt avgifta. Det har vore eit visst tilsyn med ordninga – bl.a. ved å legge ut betalingslapp på bilar der ikkje parkeringslapp er synleg i bilruta, men det blir ikkje skrive ut gebyr. Inntektene frå parkinga har i år gått noko tilbake samanlikna med 2013 og 2014.
- **Brygga ved Vonavatnet**  
ØNU styret har samarbeidd med Grimset og Vona beitelag om å prosjektere og gjennomføre ei restaurering av brygga ved Vonavatnet. Utgiftene blei dekkja via eigne midlar frå medlemene i beitelaget, fondsmidlar frå LV fondet og midlar som ØNU bidrog med. Prosjektet blei fullført seinhaustes 2015 (Røyset maskin) og blei eit praktisk og estetisk løft for området og dei som bruker anlegget.
- **Utfisking i Vonavatnet.**  
Utfiskingsprosjektet starta for fullt sommaren 2015. Prosjektet er delvis finansiert av midlar vi har søkt om og fått av Sunnfjord Næringsamskipnad. Prosjektleiar på vegne av Utmarkslaget er Ola Kringlen. Utmarkslaget hadde etter råd frå biolog Harald Sægrov gjort avtale med ein engasjert utfiskar frå Voss-området. Han møtte i 4 perioder saman med hjelpar som han hadde med seg. P.g.a. sein vår blei oppstarten av vårfiske med garn forseinka men har for resten av sesongen gått greit og effektivt. Det blei fiske med 59 garn i desse periodane. I tillegg fiska Ola og Britt Kringlen med garn nokre helgar. Totalt blei det gjennomført 953 garndøgn i sesongen 2015. I tillegg var storrusa ute i 6 veker frå slutten av august. Fangsten blei totalt 11344 fisk – av dette utgjorde rusefangsten 548 fisk. I august gjennomførte Harald Sægrov eit nytt prøvefiske for eigen kostnad. Hans konklusjon er at utfiskinga så langt har vore effektiv og at det allereie no viser igjen på fiskekvaliteten. Det estimerte kvantum som han først antyda burde utfiskast (ca 40000 fisk over 2 år) meiner han no var estimert for høgt. Utfiskinga vil fortsette med same intensitet i sesongen 2016. Sægrov planlegg eit nytt prøvefiske på seinsommaren 2016. Resultatet av dette og det totale utfiska kvantum i dei tre prosjektåra 2014, 2015 og 2016 vil danne grunnlag for ein konklusjon om Vonavatnet lar seg kultivere med dei metoder som no er brukt og med den innsats som no er lagt ned. Resultata vil også gi klare føringar for korleis ei evt. oppfølging av utfiskingsprosjektet skal bli i åra framover. Sjå elles nettsidene vår for meir detaljinfo.
- **Hengebrua over Nausta ovanfor Dettefossen.** Prosjektet er stoppa p.g.a. at ein ikkje har kunne skaffe løyve til prosjektet frå alle grunneigarane.
- **Traktorvegen frå Steinbakken til Nesstølen.** Styret har sagt seg villeg til å støtte opp om gruppa som er utpeikt til å arbeide med dette prosjektet – jfr årsmelding for ØNU 2014.

Styret har ikkje fått nokon førespurnad i løpet av 2015 men er sjølv sagt open for ei slik henvending på eit seinare tidspunkt.

- **Nytt tre-årig løyve (2016-2019) til ØNU for disponering av totalt 10 snøscuterturar pr år inn i LV området.**

Sakser her frå vedtaket: Øvre Naustdal Utmarkslag får løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av naudsynte varer og materialar til hytter og stølar. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 e) og f). Løyvet gjeld for perioden 2016 – 2019 og for perioden 1. jan til 15.april desse åra. Det kan køyrast inntil 10 turar kvart år i perioden. Løyvet er gjeve på følgande vilkår: • Dette løyvet skal vere med under køyring. • Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport eller rekreasjonskøyring. • Det skal ikkje køyrast på sundagar og andre heilagdagdar. • Omfanget av snøskuterkøyringa skal avgrensast til det som er naudsynt. Kortaste rute som er praktisk mogeleg skal veljast. • Det skal ikkje køyrast i områder kor det oppheld seg villrein. • Statens Naturoppsyn v/Rune Holen må varslast seinast dagen før transporten blir gjennomført (tlf. 97 59 51 02). • Kvart år skal det sendast rapport til forvaltingsstyresmakta om gjennomførte transportar. All køyring må vere i tråd med reglane i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for dette.

- **Trekning av reinsdyrløyver og jakta 2015.** Trekninga blei utført 20.07. Kvotane i år blei redusert ifht til 2014 og Naustdal fekk tildelt 2 dyr. Blant søkarane for kvoten til Øvre Naustdal Utmarkslag blei desse trekt ut:

Narve Fimland - stor bukk

Egil Eimhjellen - kalv

Begge dyra blei felt.

- **Småviltsituasjonen.** «Flora jeger og fisk» gjer årleg taksering av rypebestanden i Nesområdet der dei også leiger småviltjakta. I tillegg takserer dei på Gaularfjellet. Takseringa hausten 2015 viste katastrofalt lave kyllingtall etter klekkinga våren 2015. Dette blei rapportert inn til ØNU styret iom at ein meinte at takseringa var representativ for heile området. Styret sendte ut ei melding til medlemmane om situasjonen. I etterkant har styret hatt kontakt med Flora jeger og fisk om eit orienteringsmøte. Dette blei bestemt gjennomført i februar 2016.

*(Møtet der tema blei delt mellom utfiskingsprosjektet i Vonavatnet og småviltforvaltninga var open for alle, annonsert og arrangert etter planen. Det kom fram nyttig info frå dei erfarne takserarane Rune Olsbø og Knut Broberg. Om Utmarkslaget er interessert vil dei for eigen kostnad kunne påta seg taksering i andre områder av ØNU sitt interesseområde. Grunneigartillatelse er her avgjerande. ØNU styret vil arbeide vidare med denne saka.)*

- **Hjortebørsen 2015**

Også i 2015 blei «Hjortebørsen» på nettsidene våre oppdatert etter oppgåver vi fekk frå styret i Instedalen Storvald. Tala blei regelmessig oppdatert så lenge det blei skote dyr. Som ein kjenner til har det vore ein reduksjon i avskytinga dei siste åra. Børsen er oppdatert pr. 21.12.15. 2 dyr vart ikkje meldt inn til Instedalen storvald og dermed kom desse heller ikkje med på hjortebørsen. Totalt felte dyr vart difor 16 (2 av desse skrapdyr) av ei kvote på 56 dyr. I 2014 blei det felt 24 dyr. Viser elles til oppsummering i årsmøtet for Instedalen Storvald.

## **Deltaking i nemder og utval.**

**Rådgivande Utval i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde** – Tidlegare har representant for Naustdal vore foreslått av Naustdal Bondelag. Utmarkslaget fekk i 2015 spørsmål om vi kunne peike ut representant til å sitt i utvalet. Svein Svorstøl med vara Janne Lykke Svorstøl blei foreslått av ØNU styret til å representere Naustdal kommune og dei blei valgt av kommunestyret til dette utvalet.

**Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde** – Gudmund Eimhjellen og Arne Dvergsdal sit som medlemer.

**Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde** – Kjell Klopstad representerer Utmarkslaget med Normund Svoen som vara.

### **Prosjekt som Utmarkslaget arbeider med i 2016 er:**

- Vidareføring av utfiskingsprosjektet i Vonavatnet – jfr årsmeldinga.
- Stiprosjekt frå østre enden av Vonavatnet mot Nesstølen og klopper over myrområdene ved Svostølsvatnet – jfr årsmeldinga
- Småviltkartlegging i ØNU sitt interesseområde

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html> Viser også til Øvre Naustdal Utmarkslag si Facebook gruppe.

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen frå "Vonaportalen" for all hjelp til å legge ut sakene våre.

27.02.16

For styret i ØNU

Normund Svoen  
leiar